



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2022	Levekårsutvalet	PS	08.03.2022
05/2022	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	22.03.2022
22/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
19/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FA-F03	20/458

### AKTIVITETEN DAGSENTER - DRIFT OG BRUKARBETALING

#### Vedlegg:

Skriv til kommunestyret  
Informasjonshefte dagsenter i Elvevegen

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilbudet ved Aktiviteten dagsenter vert som i dag når det gjeld tal plassar, opningstid, innhald og måltid. Brukarbetaling vert som vedtekne satsar for dagsenterplass i Vaksdal kommune, d.v.s. kr. 173,- pr. dag for dagopphold med tre måltid.

#### Levekårsutvalet - Sak 05/2022

#### LEV - Behandling:

Utvalet drøfta saka og kommunedirektøren sine 3 alternative forslag til organisering.

Einingsleiar for helse Sigrun Stamnes Vik svarte på spørsmål.

#### Levekårsutvalet la fram følgjande forslag til innstilling:

Levekårsutvalet innstiller til at ein vel alternativ 2 i Kommunedirektøren sitt framlegg, og at kommunestyret finn naudsynt inndecking for meirkostnaden.

Utvalet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### LEV - Tilråding/Vedtak:

Levekårsutvalet si innstilling:

Levekårsutvalet innstiller til at ein vel alternativ 2 i Kommunedirektøren sitt framlegg, og at kommunestyret finn naudsynt inndekking for meirkostnaden.

## **Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 22/2022**

### **FPØ - Behandling:**

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **FPØ - Tilråding/Vedtak:**

Levekårsutvalet innstiller til at ein vel alternativ 2 i Kommunedirektøren sitt framlegg, og at kommunestyret finn naudsynt inndekking for meirkostnaden:

Brukarbetaling ved Aktiviteten dagsenter vert som dei siste månadane, kr. 95,-. Tilbod og tal plassar vert som i dag, og det vert servert frukost, mellommåltid og middag på dagsenteret. Dagsentra i kommunen får ulik brukarbetaling, og når alle 10 plassane er i bruk på Aktiviteten, utgjør reduksjon i brukarbetaling eit inntektstap på kr. 160.000,- årleg for avdelinga.

### **Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Flytting av dagsenterdrift frå AO-senteret til lokalitetar ved bufellesskapet i Elvevegen har vore diskutert og planlagt i ei årrekke. Det har vore eit ønske frå styret i AO-senteret og i samsvar med planar i tenesteområde Helse og meistring. Kommunestyret vedtok 17.06.2019 (sak 40/2019) flytting av dagsenterplassane til Elvevegen. Budsjettmidlar vart løyvde til ombygging av lokale, og det vart sett i gang planlegging og utført bygningsmessige endringar.

Dagsenteret «Aktiviteten» opna 29. november 2021 etter planlegging og prosess der tilsette og brukarar var aktivt med.

Ved å sjå personalressursar i samanheng, servera måltid samla og utvida nokon stillingar, har ein ved flyttinga auka frå 4 dagplassar til 10. Pr. februar 2022 er 8 plassar i bruk.

Brukarbetaling vart sett på same nivå som andre dagsenterplassar i kommunen, d.v.s. kr. 173,- pr. dag for opphold, frukost, mellommåltid og middag. Kr. 203,- dagleg dersom ein treng transport.

### **Bakgrunn for saka**

I samband med budsjettbehandling i kommunestyret i desember 2021 vart det stilt spørsmål til pris og innhald i tilbodet. Kommunestyret ba om at det tidleg i 2022 vart lagt fram sak om drift av dagsenter i Elvevegen (sak 111/2021). Prisen vart midlertidig endra til kr. 95,- pr. dag inntil sak hadde vore oppe i Kommunestyret.

### **Formelt grunnlag**

Vedtak i Kommunestyret 17.06.2019 – Sak 40/2019

Vedtak i Kommunestyret 14.12.2021 – Sak 111/2021

### **Saksopplysningar:**

På AO-senteret var det 4 dagplassar. Det var trong for fleire plassar av denne typen, og ved flytting til lokalitetar ved Elvevegen, vart talet plassar utvida. Innhaldet i tilbodet vart også gjort om frå arbeidsretta tiltak/produksjon til aktivisering, stimulering og sosialt samvær. Talet plassar kunne utvidast frå 4 til 10 ved å sjå samla på personellressursar i bufellesskapet og på dagsenteret, og ved at brukarane får servert måltid samla på dagsenteret i staden for tillaga til kvar enkelt i deira bustad. Dette var også positivt for auke av stillingsbrøkar/heiltidskultur. Fire tilsette er involverte i turnusen på Aktiviteten, og det er to tilsette til stades på dagsenteret kvar dag.

Tilsette og brukarar har vore med i planlegging av dagsenteret. Namnet Aktiviteten kom etter namnekonkurranse på kommunen si Facebookside, og det var brukarane av dagsenteret som bestemte namnet blant dei innkomne forslaga.

Målet med Aktiviteten i Elvevegen er å få til eit godt og fagleg forankra dagaktivitetstilbod for brukargruppa og for den enkelte. Det skal vera fokus på tilpassa aktivitet, sosialt samvær, men også eigenaktivitet for dei som treng det. Det skal leggjast til rette for meistring og utvikling for den enkelte, og ein utarbeidar fagleg forankra planar som er tilpassa brukaren. Dei tilsette nyttar miljøterapeutisk tilnærming som er i samsvar med metodar nytta i bufellesskapet/miljøet, noko som gir heilskap og kontinuitet i tilbod og ved kommunikasjon og samhandling. Kosthold, ernæring og aktivitet er viktige område for denne brukargruppa og har hatt fokus ved planlegging av tilbodet i avdelinga.

Ein dag på Aktiviteten startar kl. 08.30 og varer fram til 14.45. Det vert servert 3 måltid: frukost, mellommåltid/frukt og middag med dessert. Aktivitetar vert tilrettelagt for den enkelte brukar. Noko skjer i fellesskap, og det er også individuell stimulering/aktivisering etter behov. Døme på fellesaktivitetar kan vera baking, hånararbeide og turar eller trening i Turbinen. For stimulering eller avslapping kan ein også nytta eige sanserom med lyseffektar eller musikk-vannsenng. Hjelpemiddel som takheis er installert for å letta forflytning. Det er eit fint uteområde i tilknytning til Aktiviteten, og det vert laga planar for korleis dette kan nyttast på beste måte. (Sjå vedlegg for meir informasjon om aktivitetstilbodet. Informasjonsheftet var utarbeida før oppstart og vil verta revidert slik at der er i samsvar med kommunestyrevedtak.)

Tilbodet på Aktiviteten er eit dagsentertilbod med fokus på aktivisering, stimulering og sosialt fellesskap og må ikkje forvekslast med arbeidsretta tiltak der produksjon og arbeidsliv har fokus. Ein har ikkje med niste, men får servert fleire måltid. Og ein produserar ikkje for sal, men har innkjøpt material tilgjengeleg dersom ein ønskjer å laga noko til eige eller felles bruk.

På denne typen dagavdelingar er det vanleg med brukarbetaling for å dekkja utgifter til mat, materiale og transport. Brukarane er heimebuande og har utgifter til innkjøp av mat dersom måltid ikkje vert servert på dagavdelinga. Det vil vera naturleg å samanlikna betalingsssats med dagsenter for eldre, som pr. i dag er kr. 173,- i Vaksdal kommune.

Det er undersøkt kva prisar som vert nytta i andre kommunar. Det varierar noko, men det er klar samanheng mellom brukarbetaling og innhaldet i tilbodet.

- Dagtilbod utan måltid der ein har niste med: dagtilbodet er ofte gratis eller svært rimeleg. Brukar betalar for materiale, aktivitetar og transport utanom.
- Dagtilbod der ein serverar eit måltid (lunch): brukar betalar for lunchmåltid, frå ca. kr. 50,- for enkelt smørjemåltid til rundt kr. 125,- pr. dag. Materiale, aktivitetar og transport kjem i tillegg.
- Dagtilbod med middagservering: brukar betalar sum fastsett for middag. Materiale, aktivitetar, transport og eventuelt andre måltid kjem i tillegg.

## Vurdering og konsekvensar

På dagsentertilbod som Aktiviteten i Elvevegen er det vanleg med brukarbetaling for å dekke utgifter til måltid, materiale og transport. Det er tilbod om aktivitet og stimulering for å oppnå meistring og deltaking for den enkelte og er ikkje ein arbeidsplass der produksjon og arbeidsliv har fokus. Når ein samanliknar innhald og brukarbetaling, må ein derfor samanlikna med liknande dagavdelingar, ikkje med arbeidsretta tiltak.

For å ivareta prinsippet om likebehandling, bør brukarbetaling vera nokonlunde lik for samanliknbare tenester. I Vaksdal kommune er det naturleg å samanlikna dagplass på Aktiviteten med dagsenter for eldre der dagsprisen i 2022 er kr. 173,-. Brukarbetaling bør også vera i samsvar med det heimebuande betalar for måltid når dei ikkje har dagtilbod. Middag bestilt gjennom kommunen kostar inneverande år kr. 140,- med dessert.

Likebehandling betyr også lik behandling mellom grupper. Hensikta med HVPU-reformen på 1990-talet var integrering og «normalisering». Personar med utviklingshemming skulle ikkje lenger ha særtilbod, men ha same rettar som andre innbyggjarar og brukarar i.f.t. tenester, helsehjelp og bistand. Vedtak om dagplass vert fatta på bakgrunn av individuelle behov og funksjonsnivå for alle dagsentra i kommunen, både Aktiviteten og dagsenter for eldre.

Ved å beholda tilbod og tal måltid som i dag og ha brukarbetaling på kr. 95,-, vil dagopphold på Aktiviteten vera kr. 78,- billegare pr. dag enn andre samanliknbare dagplassar i kommunen. Og dagtilbod der ein får servert 3 måltid, vert kr. 45,- billegare enn for dei som berre får levert middag frå kommunen. Dette kan opplevast urettferdig og uforståeleg. Når alle 10 plassane er i bruk, vil avdelinga få eit innteksttap på kr. 160.000,- årleg fordi dagavdelinga må ta kostnaden med matserving til heimebuande dagbrukarar.

Dersom ein vel å gå vekk frå felles måltid på dagsenteret for å redusera brukarbetaling, vil det gi konsekvensar for opningstid og tal plassar. Ein må då gå attende til at brukarane et frukost og/eller middag i eigen bustad. Lunch/mellommåltid kan etast på dagsenteret, anten som måltid ein får servert felles, eller ved at ein tek med seg niste. Opningstida må då regulerast etter kva måltid brukar skal eta i eigen bustad, og personellressursar må omfordelast.

Dersom brukarane skal eta frukost og middag i eigen bustad, vert personalet fordelt ut på bustadane til kvar enkelt, noko som er langt meir ressurskrevjande enn å ha samla måltid. Det vert konsekvensar for arbeidstid og turnus når ein ikkje kan sjå desse personalressursane i samanheng, og ein har ikkje lenger same personalressurs å disponera på dagtid på Aktiviteten. Denne reduksjonen i personalressurs vil medføra ein reduksjon av tal plassar attende til 4. Fire av brukarane som har plass i dag, vil mista plassen sin. Ein misser også det sosiale ved måltida og fordelten felles måltid har for ernæring og matinntak.

Ved å velja eit alternativ der brukarane får servert frukost og mellommåltid på dagsenteret, men middag i eigen bustad, kan ein ha brukarbetaling som i dag, d.v.s. kr. 95,- som om lag vil dekke frukost og mellommåltid/enkel lunch. Opningstida vert redusert då ein må stengja ca. kl. 12.30 for å rydda og følgja brukarar heim før middagslaging startar i leilegheitene til brukarane. Personalressursar vil truleg rekka til 10 dagplassar, muligens med ein reduksjon ned mot 8-9 i periodar.

Avdelinga i Elvevegen melder om svært gode erfaringar med felles måltid. Det er viktig å ha frukost saman for å få ein god og roleg felles start på dagen. Dersom brukar skal eta frukost i eiga leilegheit, vert også dagen kortare på dagsenteret, og tal plassar vert redusert til 4 p.g.a. at personalressursar

må omfordelast. Ein ser ingen fordelar ved å gå vekk frå felles frukostmåltid ved Aktiviteten.

På spørsmål om å ta vekk tilbodet om felles middag på dagsenteret, har avdelingsleiar denne attendemeldinga: «Allerede på kort tid frå oppstart i vinter ser ein positivt effekt av å ha middag inkludert i tilbodet. Brukarane viser godt utbytte av det sosiale knytt til dette hovudmåltidet, og fleire har fått forbedringar i kosthaldet. Dei har meir variert kost, og den er betre samansett ernæringsmessig enn før dagsenteret i Elvevegen vart oppretta. Det vil være svært synd om middagstilbodet forsvinn.»

Kommunedirektøren ser tre alternative måtar å organisera tilbodet på ved Aktiviteten dagsenter:

1. Tilbodet ved Aktiviteten dagsenter vert som i dag når det gjeld tal plassar, opningstid, innhald og måltid. Brukarbetaling vert som vedtekne satsar for dagsenterplass i Vaksdal kommune, d.v.s. kr. 173,- pr. dag for dagopphold med tre måltid.
2. Brukarbetaling ved Aktiviteten dagsenter vert som dei siste månadane, kr. 95,-. Tilbod og tal plassar vert som i dag, og det vert servert frukost, mellommåltid og middag på dagsenteret. Dagsentra i kommunen får ulik brukarbetaling, og når alle 10 plassane er i bruk på Aktiviteten, utgjer reduksjon i brukarbetaling eit inntektstap på kr. 160.000,- årleg for avdelinga.
3. Brukarbetaling ved Aktiviteten dagsenter vert som dei siste månadane, kr. 95,-. Frukost og lunch/mellommåltid vert servert på dagavdelinga, men brukar et middag i eigen bustad. Opningstida vert redusert til 08.30 – ca. kl. 12.30. Tal plassar vil truleg kunne oppretteholdast.

For alle alternativa kjem transport i tillegg. Pr. i dag er det ein dagbrukarar ved Aktiviteten som treng transport.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak er alternativ nr 1: Tilbodet ved Aktiviteten vert som i dag når det gjeld tal plassar, opningstid, innhald og måltid. Brukarbetaling vert som vedtekne satsar for dagsenterplass i Vaksdal kommune, d.v.s. kr. 173,- pr. dag for dagopphold med tre måltid.

Dette alternativet er samla sett det beste. Det er i tråd med prinsippet om likebehandling og i samsvar med erfaring og tilråding knytt til ernæring og måltid. Det medfører ikkje inntektstap for avdelinga, og ein kan oppretteholda tal plassar, tal fellesmåltid og det gode tilbodet om aktivitetar og stimulering som er opparbeida ved avdelinga. Både brukarar og tilsette har gitt positive attendemeldingar på tilbodet slik det er i dag. Ein trivst på avdelinga, tilbodet vert sett på som godt og tilrettelagt, og felles måltid vert opplevd som positivt.